



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 30/2022

Møtedato: 23.11.22

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

Uttale til gjenoppføring av naust, S900 - Grønsenn

Det er komme søknad frå Gjermund Myrvang som har støl på Nørre Trøllhøv om gjenoppføring av naust som vart take av storm vinteren 2022.

Oppføring av naust er eit grunnDisponeringstiltak, som omfattast av §12 i fjellova:

Iverksetjing av grunnDisponeringstiltak – herunder tiltak som gjeld vassdrag – i statsallmenning kan berre skje når det ikkje medfører vesentleg skade for nokon som har bruksrett, og under omsyn til prinsippa for naturvern. Om eit tiltak vil medføre vesentleg skade for bruksrettar vert avgjort ved skjøn.

GrunnDisponeringstiltak kan berre føretakast av departementet eller med løyve frå departementet, med mindre anna er særskilt fastsett. Før departementet tek avgjerd skal fjellstyret og i tilfelle allmeningsstyret ha hatt høve til å kome med fråsegn i saka.

Det er komme fjellstyret til uttale om gjenoppføring av naustet 94/1/900 vil kunne føre til vesentleg skade for bruksberettiga/ andre med beiterett.

Naustet vart godkjent overført ny eigar i 2003, etter ein prosess der naustretten vart overført frå ein anna stølseigar (Høve G/Bnr 30/1) til noverande gardsbruk (Bakken G/Bnr 65/2). I erklæring er det tillatt med naust på inntil 19,2 m2.

Ut i frå det faktum at det har vore plassert eit naust der i snart 20 år, og det ligg inntil naustrekka for tilsvarande naust – ser ein ikkje at å bygge opp att naustet vil føre til større vesentleg ulempe for bruks/beiteinteresser.

Ved tidlegare sakshandsaming (2005) kom det klage frå fleire oppsittarar med grunngjeving at plassering reduserte stranda foran naustet til friluftsmål. Det er eit poeng at dette vert ivareteke, slik at nytt naust ikkje kjem nærare stranda enn det som stod der frå før.

Fjellstyret er og noko skeptisk til naustoppføring som medfører støyping av plante, og ikkje berre ringmur. Det å støype plate inneber vesentleg meir terrenginngrep på generelt grunnlag, og bør unngåast.

Ut i frå ein generell diskusjon om utsjånad for naust som harmonerer med tida, samt området karakter ber ein Statskog vurdere dei innspel som fjellstyret har drøfta, tilsendt i eige brev.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret tilrår gjenoppbygging av naust 94/1/900, og ser ikkje at dette har vesentleg ulempe for bruksberettiga eller beiteinteresser i området.

Ein føresett same plassering av naustet, og at utforming/utsjånad og storleik samsvarer med tilsvarande naust i området, samt i tråd med uttale om styringsprinsipp(sak 29/2022).

Vedtak:

Fjellstyret tilrår gjenoppbygging av naust 94/1/900, og ser ikkje at dette har vesentleg ulempe for bruksberettiga eller beiteinteresser i området.

Ein føresett same plassering av naustet, og at utforming/utsjånad og storleik samsvarer med tilsvarande naust i området, samt i tråd med uttale om styringsprinsipp(sak 29/2022).

Vedtaket er samrøystes.

Tilråding frå fjellstyret er ikkje enkeltvedtak jf. forvaltningsloven og det er derfor ikkje klagerett over vedtaket.

Vestre Slidre fjellstyre den 24.11.2022

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift:
Statskog
Stølsbrukar